

## Fleire hus også på Ytre Eik

08.02.2011



Her skal det neste huset byggjast på Ytre Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er ikkje berre i sentrum og då framfor alt i Hagetunet Uskedalen får nye bustader for tida - det går føre seg noko også andre stader.**

Det tar til dømes å skje noko også i det største byggjefeltet Ospelunden der det har vore innflytting i eitt nytt hus.

Også på Ytre Eik går byggjeverksemda vidare i prosjektet til Byggpartner Kvinnherad (Frode Bu). Der har Ole Vidar Monsen no søkt om å få skilla ut ei tomt på 580 kvadratmeter. Tomta er flat og ligg ved vegen opp i området og utanfor dei to bustadhusa som er reist der i det siste.

Det er førebels ikkje inngått noko kontrakt om ytterlegare tomtsal i området, men det er plass til fleire hus der.